

## Vellukka quiz på Nasjonaldagen

19.05.2012

**Heile 30 lag var med påquizen på 17. mai.  
Med eit snitt på 8 - 10 medlemer på kvart lag  
fortel dette at nær på 300 personar var aktive  
med å finna svar på dei 22 spørsmåla.  
To lag gjekk til topps med 22 rette svar.**

På det eine laget var Hilda Guddal, Åsta Sunde, Kari Sunde, Torunn Kjærland, Aud Haugland og Kåre Haugland.

På det andre laget finn vi desse namna: Kjetil Myklebust, Kjersti Børve, Sigurd Børve, Vigdis Haugland, Anita Myklebust, Helge Myklebust, Knut Bringedal, Frode Myklebust, Asle Moberg og Gunn Mari Morberg. I parantes har dei kalla seg Nesjarane. Frå før kjenner vi det sylskrake quizlaget Nesjarane med familien Hermansen som kjernetropp. No vil dei truleg få konkurranse av eit lag 2 frå Neset.

8 lag har mellom 20 og 22 rette svar. Det var god nasjonal og lokal kunnskap kring nasjonaldagen. Alle dei 30 lagahadde over 15 rette svar.

Det som drog ned for mange var manglende kunnskap om Bautasteinen, både kva historisk hending vi minnast og rett tal på dei innhogne namna. Det same gjeldkven som skreiv teksten til Nasjonalsalmen og namnet på han som skreiv melodien til Nasjonsongen.

Positivt var det at mest alle kom fram til rett 17. maisong ved å lesa notar.

Uskedal musikklag med 21 rette svar synte god lokal kunnskap.

Det same gjorde laget med det artige namnet: Lengst oppe og lengst inne -Friheim og Ljosnes.  
Så er det opp til programnemnda for 17. mai 2013 om spørjetevlinga skal halda fram.

Av Kristian Olav Bringedal